Vedlegg 1.

1.1. Møtereglement

1 Dirigentane / møteleiarane opnar og leiar møtet.

2 Alle medlemmer av lokallaget som har meldt seg på innan fristen, har tale- og stemmerett på årsmøtet.

Ein representant frå fylkesstyret har talerett.

3 Taletida er avgrensa til to minutt, replikkar til eitt minutt. Saksinnleiaren og medlemmer frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysingar.

4 Dirigentar og delegatar kan komme med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek vert sett. Slike forslag skal straks takast opp til avstemming.

5 Årsmøtedeltakarane som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.

6 Forslag i saker skal fremmast av den som fremmar forslaget.

7 Alle forslag skal vere levert og kunngjort før strek vert sett.

8 Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er sett.

9 Forslag vert vedtekne dersom det er fleire stemmer for enn mot. Ved likt tal stemmer, vert avstemminga avgjort ved loddtrekning. Likt tal stemmer ved personval er regulert i pkt. 1.6 Valreglement -generelt om vala.

10 Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å handsame saker som ikkje er satt opp på sakslista. Vedtak i slike saker krev også 2/3 fleirtal.

1.2. Valreglement

Generelt om vala:

Vala gjeld for eitt eller to år med verknad frå 1. august 2022.

Alle val er skriftlege bortsett frå val i konstitueringssaka.

Dirigentane kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått og som har sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Kandidatar som er foreslått, er:

1. Forslag frå valkomitéen (verv i styret og hovudtillitsvalde) og forslag frå lokallagsstyret (verv i lokal valkomité)
2. Kandidatar som er foreslått av deltakarane på årsmøtet

Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

Ved likt stemmetal mellom to kandidatar i omval, vert det avgjort ved loddtrekning. Dersom det vert halde omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast stemmer skal ut, vert det også avgjort ved loddtrekning ved stemmelikskap.

Desse skal veljast på lokallagsårsmøtet: Leiar i lokallagsstyret, nestleiar, andre styremedlemmer, varamedlemmer til lokallagsstyret, tillitsvalde etter hovudavtalen i KS, og valkomité for kommande periode.